
Saknr: 2020/86-3
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020

Sykkelbyavtaler i Vestland fylkeskommune – status og vidare oppfølging

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet meiner sykkelbyavtaler er eit formålstenleg verktøy i arbeidet med å legge til rette for syklistar i fylket. Vestland fylkeskommune vil følgje opp dei gjeldande avtalane med kommunane Bergen, Stord, Fjell, Førde og Florø, og prioritere dei sykkeltiltaka partane har vorte samde om.
2. Vestland fylkeskommune skal følgje opp løyvingar om eigenfinansiering i samband med tildeling av midlar gjennom tilskotsordninga for sykkelbytiltak.
3. Vestland fylkeskommune vil vente med å inngå nye sykkelbyavtaler til Statens vegvesen (SVV) har evaluert ordninga.

Samandrag

I Vestland fylkeskommune sin politiske plattform står det mellom anna følgjande under *Samferdsel, kollektiv og mobilitet i Vestland*:

- *Utvikle sykkelbyavtaler med fleire tettstader.*

Med dette som bakgrunn vil fylkesdirektør for mobilitet og kollektiv informere om eksisterande avtalar og avklare fylkeskommunen sitt standpunkt i det vidare arbeidet med sykkelbyavtaler .

Ordninga med sykkelbyavtale vart innført i samband med Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019. SVV har hatt ein sentral rolle i dette trepartsamarbeidet mellom stat, fylke og kommune. Vidare innførte staten i 2014 ei tilskotsordning for gang- og sykkelveggar der kommunar og fylkeskommunar kunne søkje om midlar til sykkeltiltak på eiga vegnett. Kommunar med sykkelbyavtale var prioritert i ordninga. Vegeigar forplikta seg til å dekke 50 % av totalkostnaden.

SVV vil ikkje inngå nye sykkelbyavtaler før ordninga er evaluert, og i følgje deira handlingsprogram vil dette skje anten i 2020 eller i 2021. Avtaler som er inngått vil vare ut avtaleperioden. Vidare var 2019 det siste året med tildeling av midlar til sykkeltiltak gjennom den statlege tilskotsordninga.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Torill Klinker
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn

I nasjonal transportplan 2010-2019 fekk fylka i oppdrag å satse på sykkelbyavtalar. SVV skulle ta initiativ til å inngå forpliktande avtalar med fylkeskommunar og kommunar om å arbeide for å auke talet på syklistar i byar og større tettstader. I 2014 vart det i statsbudsjettet innført ei tilskotsordning for gang- og sykkelveggar der kommunar og fylkeskommunar kunne søkje om midlar til sykkeltiltak på eiga vegnett. Vegeigar forplikta seg til å dekke minimum 50 % av utgiftene, og sykkelbyar var prioritert i ordninga. Siste tildeling var for året 2019, og ordninga gjaldt då ikkje lenger for byar som hadde inngått byvekstavtale. Frå 2014 - 2019 vart det sett av mellom 76,5 - 162,5 mill. kr årleg til ordninga over statsbudsjettet.

Grunna omorganisering i SVV har det vore uklart korleis arbeidet med sykkelbyavtalar skal praktiserast vidare. Samstundes står det i fylkeskommunen sin politiske plattform følgjande under *Samferdsel, kollektiv og mobilitet i Vestland*:

- *Utvikle sykkelbyavtaler med fleire tettstader.*


Det er difor behov for ei nærare avklåring av fylkeskommunen sin innsats og ressursbruk i det vidare arbeidet med sykkelbyar og tilskotsordninga for sykkelbytiltak.

Kva er ein sykkelbyavtale?

Auka satsing på sykkel og gange er forankra i ei rekke plan- og strategidokument på dei ulike forvaltningsnivåa. Statens vegvesen har eit særleg ansvar for å spreie kunnskap og kompetanse om tilrettelegging for å auke sykkelbruken og undertekning av sykkelbyavtaler har vore eit viktig verktøy i dette arbeidet. Ein sykkelbyavtale omhandlar målsettingar og strategiar for sykkelsatsinga, samt organiseringa av arbeidet og ressursbruk, både når det gjeld økonomi og fagfolk som inngår i prosjektet. Avtalen involverer dei ulike forvaltningsnivå og skal sikre partane eit felles grunnlag for arbeidet, samt etablere formålstenlege arbeidsformer. Det vert arbeidd med både sykkelinfrastruktur og ulike arrangement og informasjonstiltak for å synleggjere sykkel som reisealternativ.

Gjennom deltaking i ein sykkelbyavtale har tilsette i kommunar, fylkeskommunar og Statens vegvesen vore med i eit eige nettverk for sykkelsatsing. Sykkelynettverket har mellom anna arrangert temasamlingar og studieturar retta mot fagfolk, planleggarar og beslutningstakarar. På nettstaden www.sykkelynettverket.no ligg det mykje nyttig informasjon og faglitteratur retta mot sykkelplanlegging.

Vegdirektoratet gjennomførte i 2017 ei undersøking som viser at kommunar og fylkeskommunar opplever stor nytte av å vere med i nettverket.



Sykelbyavtalar inngått av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordande

Det er tidlegare inngått sykkelbyavtalar i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Desse avtalane er gjeldande i avtaleperioden, og må følgjast opp i budsjettssamanheng.

Gjeldande sykkelbyavtalar	Gjeldande avtaleperiode	Fylkeskommunale driftsmidlar per år	Fylkeskommunen sin eigendel i tildelte midlar i statleg tilskotsordning (2014-2019)
Sykelby Bergen*	2018-2021**	200 000,- kr	Ca 3, 50,- mill kr***
Sykelby Stord	2017-2020**	200 000,- kr	Ca 25, 00,- mill kr
Sykelby Fjell	2018-2021	200 000,- kr	9,96 ,- mill kr.
Sykelby Førde	2018-2021**	180 000,- kr	0,- kr ***
Sykelby Florø	2019-2022**	180 000,-	0,- kr ***

* Midlar tildelt gjennom Miljøløftet

** Forlenging av utgått 4 årleg avtale

*** Berre eigendel fylkeskommunen har vore ansvarleg for som vegeigar er teke med.

Det vidare arbeidet med sykkelsatsing i Vestland fylkeskommune

Fylkesdirektøren meiner sykkelbyavtalar har opna for eit samarbeid som gjer det enklare å prioritere mellom ulike prosjekt og tiltak på tvers av forvaltningsnivåa. For fylkeskommunen har det også vore verdifullt å vere part i eit større fagmiljø gjennom sykkelbystrekket. Dette har mellom anna gitt tilgang til nyttig faglitteratur og webinar i sykkelplanlegging og tips til lokale sykkelarrangement. Vidare har den statlege tilskotsordninga for gang- og sykkelveggar gjort det mogleg å finansiere fleire gang- og sykkeltiltak. Tidlegare Hordaland fylkeskommunen har til saman sett av nærare 40 mill. kr i eigendel over ein 5-års periode og har med det prioritert sykkeltilrettelegging i kommunar med sykkelbyavtale. Difor er det uheldig at SVV si rolle i det vidare arbeidet ikkje er avklåra, og det er i dag uvisst i kva omfang det statlege nivået vil involvere seg i sykkelbyavtalar i framtida.

Fylkesdirektøren vil rå til å vente med å inngå nye sykkelbyavtalar før SVV har evaluert ordninga. Samarbeidet mellom stat, fylke og kommune har vore ein hovudfordel med å inngå sykkelbyavtale, og det vil vere vanskeleg å oppnå tilsvarende koordinering av sykkelsatsing utan at SVV deltek aktivt i arbeidet. Fylkesdirektøren vil presisere at arbeidet med å legge til rette for auka sykkelbruk framleis har høg prioritet i Vestland fylkeskommune, og forpliktingar i dei eksisterande sykkelbyavtalane skal følgjast opp. Fylkeskommunen er involvert i sykkelsatsing på fleire områder, og forventningar i overordna planar og handlingsprogram vert og halde fast ved. Dette gjeld både etablering av sykkelinfrastruktur, ulike tilskotsordningar, samt formidlingsarbeid. Vidare er fylkeskommunen involvert i sykkelsatsing gjennom byvekstavtalen.

Vedtakskompetanse

Jamfør «Reglement for folkevalde organ og delegering» har hovudutval for samferdsel og mobilitet ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkelig mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål. Utvala har mynde til gjere endringar i og mellom løyvingnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Eksisterande sykkelbyavtalar må følgjast opp i samsvar med tidlegare vedtak om ressursbruk.

Klima: Tilrettelegging for auka sykkelbruk kan redusere utslepp frå køyretøy.

Folkehelse: Tilrettelegging for auka talet på gåande og syklande vil vere positivt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Fylkeskommunen har eit stort fokus på å legge til rette for miljøvennlege reisealternativ. Utviklingsplan for Vestland er under utarbeiding

Konklusjon

I den politiske plattformen for Vestland fylkeskommune er det lagt opp til å inngå fleire sykkelbyavtalar i tettstader. Fylkesdirektøren vurderer sykkelbyavtalar som eit godt samarbeidsverktøy, men vil rå til å ikkje inngå nye sykkelbyavtalar før SVV har evaluert ordninga. Gjeldande sykkelbyavtalar vert følgt opp ut avtaleperioden.